

Rekordmange vil ra

Førehandssalet er ti gongar så høgt som i fjor. Over 100 kilo farse er kjøpt inn. Det er klart for Ranglerock.

HELENE REITE | tekst og foto
hr@jbl.no

RANGLESUKSESS: - Det har gått over all forventning. Det er ti gongar så høgt førehandssal som på tilsvarende tidspunkt i fjor, seier booking- og presseansvarleg Omund Norheim.

Arrangørane trur noko skyldast ivrige stamgjestar som redde for å gå glipp av sommarens høgdepunkt.

Rekordsal

- Dei 130 todagarspassa og alle fredagspassa er utselte, og me har berre 50 laurdagspass igjen, fortel ein nøgd Norheim.

Det er altså fredagen som er mest populær i år, der mellom anna Jonas Alaska og Honningbarna står på programmet.

- Me har aldri før opplevd at å vera utselt to dagar før me opnar. Noko skyldast fleire store namn på programmet. Artistar som Stein Torleif Bjella, Jonas Alaska og Honningbarna er vel dei største i år, og me har ikkje hatt så mange kjende artistar samla før, seier Norheim.

Frå venefest til suksess

- Det byrja som ein stor veners venefest, men no er fleire generasjonar samla. Sjølv om me har vorte større, er me framleis Brynes trivelegaste festival, smiler leiar Frode Hagerup.

Han er ikkje i tvil om at dette er ein festival som betyr mykje for mange.

- I fjor måtte me seia nei til folk

i døra, noko som kanskje skremte mange. Difor la me ut førehandssalet noko tidlegare i år, seier Hagerup.

Gamle publikumstravarar dukkar framleis opp. Sidan førehandssalet hadde stege, måtte dei sjekka om det var mange nye namn på bestillingslista.

- Det var dei same namna. Eg trur dei ville teke det tungt om dei ikkje fekk med seg årets Ranglerock, så dei måtte vel sikra seg festivalpasset. Eg kjenner fleire studentar i Oslo og Bergen som legg heimturen til denne helga. Ranglerock har vorte eit møtepunkt der ein veit at ein treff att gamle kjente, seier Norheim.

Framskynda ei helg

Denne gongen er festivalen ei helg tidlegare enn vanleg.

- Me hørde frå tilsette på Thime Station at den midtre helga i fellesferien var den rolegaste på Bryne, så me flytta festivalen. Det er nok mykje derfor førehandssalet er så stort i år, trur Norheim.

- Ein annan grunn er at me i år har vore ganske aktive på Facebook, seier Hagerup om gruppa som har fått 528 følgjarar.

Idealistisk band

Fleire og fleire melder seg også som frivillige til festivalen.

- Det har vore ei kjempeoppslutning på frivillige i år. Dei fleste er ganske unge. Kan hende skyldast det politiske og idealistiske punkbandet Honningbarna, som inspi-

PROGRAM 2012

FREDAG 13. JULI

- Jonas Alaska
- Anja Elena Viken
- Svenssen
- She Keeps Bees
- Honningbarna
- Hold Fast

LAURDAG 14. JULI

- Ranglequiz
- Stein Torleif Bjella
- Chrome Hill
- General Forsamling og Dalane Emoband
- The Captain & Me
- Skadne Krek
- Eye Emma Jedi

rerer unge til å gjera ein frivillig innsats. Fleire har sagt seg villige til å selja billetter, stå i baren og rydda, fortel Norheim, og legg til at Kristiansandsbandet trekk til seg fleire unge i publikum også.

- I staden for øl på backstage, vil dei gi pengar til eit godt føremål på Jæren. Me veit enno ikkje til kva, men det vil bli bestemt innan fredag, seier Hagerup.

105 kilo farse

At fleire kjem på Ranglerock, ser ein også på mengda farse.

- I fjor bestilte me 60 kilo farse, der alt vart utselt før festivalen var over. I år har me difor 105 kilo farse som skal seljast i kafeen under festivalen, fortel Hagerup, som er ganske sikker på at det meste vart utselt.

Det vert også konkurranse. Den som kan eta denne jærsket retten raskast, vinn ei T-skjorte.



STORFORNØGDE: (t.v.) Leiar Frode Hagerup og presse- og bookingansvarleg Omund Norheim.

- Vinnaren får ei sær eksklusiv T-skjorte som står «Farza Ranglerock» på, røper Hagerup.

11-årig festival

- Me har fått ein del nye folk i sty-

ret, og merkar at me har meir kontroll på ting. Me gler oss, og har stor tru på gode konsertar og fullt hus frå klokka sju på kvelden, seier Norheim.

Det byrja med 50 deltakarar i

Lyd med papir og blyant

Med papir og blyant har festivalkunstnarane Stine Rommetveit og Kristin Talseth illustrert «lyd». Bileta skal pryda kafeen under Ranglerock.

HELENE REITE | tekst og foto
hr@jbl.no

LYD PÅ PAPIR: - Sidan det er Ranglerock, vart temaet naturleg nok «lyd». Me prøver å fortelja historier med bileta våre, men ein tenkjer ikkje nødvendigvis på lyd når ein ser dei. Me er spente på korleis folk vil tolka dei, seier Stine Rommetveit om utstillinga som vert open for andre enn festivaldeltakarar på laurdag ettermiddag mellom klokka tre og seks.

Første teikneutstilling

- Det betyr mykje å bli spurt, spesielt når ein prøver å skaffa ein leveveg ut av kunsten. Eg har alltid

teikna, men ikkje tørt å visa det fram før no. Det er jo sjølvsagt litt skummelt første gong, seier multi-kunstnaren Stine Rommetveit.

Ho er utdanna keramikar, men har alltid vore glad i papir og blyant. Ho har illustrert for Bergens Tidende, teikna tatoveringar for folk, hatt sitt eige keramikksal på Bryne, men aldri teikneutstilling.

- Det har vore ein draum. Då eg fekk spørsmålet i april, kjende eg at eg hadde veldig lyst. Det var knapt med tid å skulle laga ei utstilling innan juli, så eg fekk heldigvis god hjelp av illustrator Kristin Talseth, fortel Rommetveit.

Tolv blyantteikningar pryder no kafeen på Bryne Mølle, og kunstnarane er spente på responsen.

Inspirert av lydbølger

- Eg har eit mønster som går igjen i alle bileta, som symboliserer lydbølger og viser korleis musikk kan påverka sinnstemning og kjensler,

forklarer illustratør og teiknar Kristin Talseth, som har eige studio på Bryne.

Til vanleg tek ho oppdrag som illustratør. No gler ho seg til å visa fram kunsten sin som blyantteiknar.

- Motiva er prega av menneskjer og dyr. På eit av bileta har eg til dømes illustrert korleis elefantar fangar opp lyd frå bakken, seier Talseth som har eige studio på Bryne der ho tek oppdrag for folk.

Talseth har hatt ein del utstillinger frå før, men dette er første gongen ho stiller ut under Ranglerock.

- Det er kjekt å få vist bileta på ein ny arena. Dette er ganske nytt for oss begge, så det var veldig kjekt å bli spurt. Eg håpar bileta vil fenga og passa inn i samanhenget, seier Talseth.

Svart katt og stiletthelar

Rommetveit fangar gode- og mindre gode lydar i sine.

- Eg har spurt vener kva som er musikk i deira øyrer. Det kan vera alt i frå gode til mindre gode lydar, som lyden av rask gange med stiletthelar. Dette har eg prøvd å fanga i bileta, forklarar Rommetveit.

Det er mykje dyr og menneskjer som går att i motiva, og Rommetveit sine bilete er merkt med songtitlar.

- Eg er veldig glad i musikk. Eit av bileta har fått namnet «tonight, tonight» av Smashing Pumpkins. Dette viser ein svart katt og føtene til ei dame som har på seg stiletthæl på ein av føtene. Nokon tenkjer på den gode lyden av ein katt som malar. Andre tenkjer på ulykke når ein ser ein svart katt. Lyden av ein stiletthæl kan opplevast forskjellig, forklarar kunstnaren.

Lånte møblar

- Folk kjem først og fremst for musikken, men me håpar folk tek seg til å sjå på bileta og, seier Romme-

veit.

Bileta skal henga på veggane i kafeen i første etasjen på Bryne Mølle. Atmosfæren er viktig, ifølgje kunstnarane.

- Med sofagrupper, blomar på bordet og bilete på veggane, håpar me å skaffa ei heimsleg og koseleg stemning, fortel Rommetveit.

Naturalistisk strekteikning

- Det geniale med teikning er at du berre treng blyant og papir. Som keramikar er det alltid noko som går gale når produktet skal brennast. I teikning er det berre meg sjølv å skylda på om noko går gale, seier Rommetveit.

Jentene har nokså lik stil i bileta sine.

- Ein kan skildra bileta som ei blanding av naturalisme, enkle strekteikningar, figurativ og litt surrealistiske, skildrar Talseth.

Satsar på teikning

No er Rommetveit sitt levebrød å